

## Kjernekraft

### **KrF**

KrF meiner at kjernekraft kan vera ei verdifull energisatsing for kommunen vår, og vi ønskjer derfor ei utgreiing for å sjå på eventuelle moglegheiter. Vi tek ikkje stilling til om vi skal byggja kjernekraftverk eller ikkje. Men vi ønskjer ei utgreiing i samarbeid med fagfolk for å sjå om det er noko vi i framtida skal vurdera. Den kommande energikrisa kjem til å kosta innbyggjarane våre mykje, og vi ønskjer derfor å sjå på alle moglegheiter for å løysa ho.

Før ein eventuell kjernekraft debatt skal opp, meiner vi at innbyggjarane skal få grundig informasjon om prosessane rundt dette. Vi meiner derfor det er formålstenleg at ei utgreiing for Øygarden kommune skal liggja til grunn for eit folkemøte om kjernekraft.